Davik jubilerer!
Side 8

Radioen jubilerer!
Side 12

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN NUMMER 2/2025

KRINGOM

Foto: Frode Hoff / TV 2

Leika seg til pris

– Eg har alltid vore glad i å leika meg litt med språket på jobben, seier prisvinnar **Ingrid Halstensen**.

SIDE 6



KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGS-RINGEN

BLADSTYRAR
Aksel Torsnes Mehlum

PRODUKSJON
Fonna Forlag

TRYKK
Merkur Grafisk AS

OPPLAG
900

KONTAKT
post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 2987 Tøyen
0608 OSLO

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP
Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk, og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida og via kontonummer 3480 17 48343 eller Vipps-nummer 515993. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 350 kroner. Medlemer under 30 år betaler 200 kroner.

BLI MED!

INNHALD

3 Leiar!
4 Nytt!
6 Kringkastingsprisen!
8 Ingebrigt Davik!
11 Populært podkastprosjekt!
12 Radiojubileum!
16 Lagsnytt!
17 Reprise ...
18 Kviss og kryssord!

KRING-
KAST NGS-
RINGEN

LEIAR

JÓGVAN HELGE GARDAR
styreleiar

Foto: Vemund Knudsen

NRK Skole kan betre

DÅ STORTINGET vedtok den nye opplæringslova i 2023, var det med framhald av det omstridde skiljet mellom læremiddel og læringsressursar. Parallellitetskravet frå den gamle lova skulle førast vidare for læremidla, men for læringsressursar kom ikkje noko tilsvarande krav, trass høglydte protestar frå målrørsla og fleire faginstansar. I staden vedtok stortingsfleirtalet å hente inn meir kunnskap om temaet, før ein eventuelt gjekk inn for tiltak.

I LOVA ER LÆREMIDDEL «alle trykte, ikkjetrykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.» Læringsressursar er, kort fortalt, alt anna. Det er eksterne undervisingsopplegg, avisartiklar, video, nettsider og podkast.

I SLUTTEN AV MAI kom rapporten frå NIFU. Han undersøkjer 95 mykje brukte læringsressursar og finn, venteleg nok, at berre 49 av dei har noko innhald på nynorsk. Av dei igjen har fleire berre mindre delar på nynorsk, og det er ofte vanskeleg å finne fram til det nynorske innhaldet der det finst.

INGEN LYT VERE overraska over at stoda er som ho er. Det har ho alt vore lenge, og ingenting er blitt betre med digitaliseringa. I staden held skulekvardagen fram med å vere dominert av bokmål, utan at styresmaktene ser at det hastar.

EIT ANNA POENG er at ein kunne vente betre av aktørane bak læringsressursane. Det gjeld offentleg finansierte tiltak som Ungt entreprenørskap, CICERO Senter for klimaforsking og Norsk skogmuseum, og det gjeld heiloffentlege aktørar som Domstoladministrasjonen og Naturhistorisk museum i Oslo. Men særleg gjeld det dei me reknar som premissleverandørar for det norske språkmangfaldet: NRK.

NRK SKOLE har berre 15 % av innhaldet sitt tilgjengeleg på nynorsk. Talet lyt openbert vere minst 25 %, som for alt anna stoff frå NRK, men her finst òg gode argument for at det lyt vere endå mykje høgare. Rapporten viser at Elevkanalen frå TV 2 har eit langt meir utbygd parallellopplegg, der språkval kan styrast sentralt, og der både undertekstar, oppgåver og anna innhald finst på båe språk. Til samanlikning kan ein ikkje velje overordna språk i løysinga til NRK, og sjølv om ein del videoar har undertekstar, er få av dei på nynorsk.

RAPPORTEN FRÅ NIFU stadfestar at det står att mykje jobb, både hjå styresmaktene og hjå mange av dei som produserer innhald til skulen.

NYTT

Tettare nordisk tv-samarbeid i framtida?

Den danske kulturministeren har teke initiativ til eit tettare tv-samarbeid mellom dei nordiske landa, mellom anna som svar på inntoget av dei internasjonale strøymegigantane i den nordiske marknaden og den stadig aukande delen av KI-generert innhald. Kulturminister **Jakob Engel-Schmidt** lanserte initiativet overfor ministerkollegaene i dei andre nordiske landa i samband med eit møte i Nordisk ministerråd i mai.

I det opne brevet til kollegaene nemner han både meir samarbeid mellom dei nordiske allmennkringkastarane og samarbeid om eksport av nordisk medieinnhald. I sjølve møtet vart det vedteke å undersøkje om det er mogleg å skape eit nordisk alternativ til dei internasjonale strøymetenestene. (Nordic Media Policy)

Kulturminister Jakob Engel-Schmidt. Foto: Steen Brogaard.

Unni Ødegård, direktør i NTB Partner, Thomas Br

NTB og LLA skal bruke utvikle journalistikken

NTB og Landslaget for lokalaviser (LLA) skal utvikle eit varslingsverktøy basert på kunstig intelligens (KI). Prosjektet tek utgangspunkt i NTBs eksisterande KI-verktøy «Sladrehank», som automatisk analyserer offentlege data og gjev journalistar direkte varsel når interessante funn blir oppdaga.

Fire lokalaviser skal teste og vidareutvikle verktøyet saman med NTB: Hallingdølen, Saltenposten, Vest-Telemark Blad og Sogn Avis. Verktøyet skal gjere avansert datajournalistikk tilgjengeleg også for mindre redaksjonar, utan behov for spesialisert kompetanse. Prosjektet varar ut 2025 og har fått støtte frå Medietilsynet.

Det nye verktøyet skal bidra til å styrkje lokaljournalistikken gjennom effektiv tilgang på offentlege data. Ifølgje NTB skal det nye verktøyet spare journalistar for omfattande manuelle undersøkingar, noko som gjev meir tid til nyheitsformidling. LLA framhevar at samarbeidet demokratiserer tilgangen til datajournalistikk. (Medietilsynet)

uvik, generalsekretær i LLA og Lillian Holden, ansvarleg redaktør i Hallingdølen.
Foto: Thomas Brun / NTB, LLA, Hallingdølen.

KI for å

Høyring om utvida støtteordning for samiske medium

Eit framlegg til ny forskrift om tilskot til samiske nyheits- og aktualitetsmedium er sendt på høyring av Kultur- og likestillingsdepartementet. Framlegget inneber at også digitale medium kan omfattast av ordninga, i motsetnad til dagens tilskotsordning, som berre gjeld papiraviser.

– Det er bra at det no blir føreslått at støtteordninga til samiske nyheits- og aktualitetsmedium blir plattformnøytral. Dette er ei heilt nødvendig modernisering av støtteordninga, seier direktør **Mari Velsand** i Medietilsynet.

I den nye forskrifta blir det også føreslått å gje støtte til innhald på fleire samiske språk enn i dag, slik at det kan gjevast tilskot til saker på nordsamisk, pitesamisk, umesamisk og austsamisk/skoltesamisk, i tillegg til lulesamisk og sørsamisk.

(Medietilsynet)

Internasjonal heider til «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu»

NRK-serien «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu» har fått heiderleg omtale i den europeiske kringkastingsprisen Prix Circom.

Programmet fekk ein såkalla Commended-pris i kategorien «Drama and Entertainment» for episoden om engelskmannen Ben Ward, som forlét London og flytta til ein aude fjellgard i Sogn.

I grunngivinga frå juryen heiter det mellom anna: «Dette er ei vakker historie med høg produksjonskvalitet og storslåtte landskap. Bens ærlegdom er rå og emosjonell. Han deler både oppturar og nedturar i sin nye livsstil, som bringar med seg både einsemd og isolasjon. Det fantastiske landskapet og bilda tilfører programmet endå ein dimensjon – naturen blir ein karakter i seg sjølv.»

– Dette er utruleg stas, og ei anerkjenning til heile teamet bak serien. Det er også ein heider til Ben Ward og alle dei andre flotte menneska i serien, som slepper oss inn på tunet – og inn i livet, seier programleiar **Noralv Pedersen** i ei pressemelding.

Den nyaste sesongen hadde i snitt over 1,1 millionar sjåarar per episode. Serien var dessutan det femte mest sette programmet på NRKs strøymeteneste i 2024. (NPK)

Programskaparane Torje Bjellaas (t.v.) og Noralv Pedersen på prisutdelinga. Foto: NRK.

PRIS!

Foto: Frode Hoff / TV 2

– Ei ære å få ei slik anerkjenning

Kringkastingsprisen for 2024 er tildelt TV 2-journalist **Ingrid Halstensen**. Vinnaren vart overraska av leiarar og kollegaer på ei markering i TV 2-lokala i Bergen.

Av særs naturlege årsaker – Halstensen vart mamma i vinter – drygde det med å få i stand seremonien, men 12. juni var det endeleg tid for å kunngjera vinnaren.

Styre- og juryleiar Jógvan Helge Gardar las opp grunngjevinga på vegner av Kringkastingsringen, før redaksjonssjef Lise Kleiva overrekte sjølve prisen: eit diplom og eit flott kunstverk, denne gongen laga av biletkunstnaren Erlend Wiggen Bliksrud.

STOLT OG GLAD VINNAR

Halstensen innrømte at ho vart teken skikkeleg på senga, og ho var glad for at arbeidet hennar blir lagt merke til:

– Dette er ein gjev pris, og det er skikkeleg stas og ei ære å få ei slik anerkjenning. Eg har alltid vore glad i å leika meg litt med språket på jobben, og eg synest det er litt ekstra gøy å ha ei dialekt som ikkje så mange har, sa ho.

Ho trekte òg fram omsynet til både den lokale farginga og eit landsdekkjande publikum:

– Om eg klarar å lura inn nokre lokale uttrykk, synest eg det er kjekt. Samstundes er det ein balansegang når ein skal formidla på riksdekkjande tv; det er viktig at folk skjønner kva eg seier. Men dialektene er viktige i Noreg, og dei må me ta vare på, understreka ho.

TRADISJONSRIK PRIS

Kringkastingsprisen har vore delt ut årleg sidan 1978 og går til ei røyst i eteren som utmerkjer seg med godt språk i radio eller tv, og som på ein framifrå måte nyttar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet.

AKSEL TORSNES MEHLUM

HEILE JURYGRUNNGJEVINGA:

Prisvinnaren kjem frå Austevoll i Hordaland og har vore i TV 2 Sport i 15 år. Ho er høgt verdsett for eit dialektnært språk med tydeleg nynorsk klang.

I byrjinga som sportsjournalist var ho innom fleire idrettar. Snart vart ho ein viktig formidlar av kampane i meisterligaen i fotball, og ho vart seinare fotballkorrespondent i England. Ho er kjend og kjær som programleiar og sportsanker – i ein kanal som ifølgje nominasjonen kan skilte med fleire nynorskanker enn NRK.

Det er ikkje første gongen at prisvinnaren blir lagd merke til. Ho har mellom anna ein gullrutenominasjon i kategorien for beste programleiar. Det dialektnære og fargerike språket hennar gjer sportssendingane endå meir levande, og det gode humøret smittar over på både sjåarar og kollegaer.

Det er ei glede og ei ære for styret i Kringkastingsringen å få gje prisen til Ingrid Halstensen!

Tre om Ingrid Halstensen

Arill Riise, TV 2-profil og tidlegare prisvinnar

Ingrid er ei sol som lyser opp i TV 2. Det gode humøret smittar over på både kollegaer og sjåarar. Språket er ein sterk del av identiteten hennar. Det fortel oss kvar ho kjem ifrå, og det set farge på sportsspråket. Gratulerer så mykje med prisen!

Foto: Espen Solli / NRK

Ingerid Stenvold, NRK-profil og tidlegare prisvinnar

Gratulerer, vel fortent! Ingrid har ei veldig solid og stødig framtoning på skjermen, og det viser att i språkbruken: Ho er språksikker, leitar ikkje etter orda, men framfører det ho skal seie, med ro og tryggleik. Når ein jobbar med direktesendingar, skjer mykje utan manus, og det stiller ekstra høge krav til språket. Ingrid tar det på strak arm!

Foto: Ole Ebbesen / TV 2

Eystein Thue, kreativ leiar for fotball i TV 2

Ingrid har ei høg stjerne i sportsredaksjonen. Ho er profesjonell til fingerspissane og alltid godt førebudd. Uansett høve framstår ho alltid avslappa og med godt humør. Ho er flink til å få dei ho sit i studio med, til å skine. Ho er dessutan ein typisk lagspelar som jobbar like heilhjarta som programleiar eller reporter, på desk eller i felt.

Jubileum for Taremarebys far

I april var det 100 år sidan **Ingebrigt Davik** – Taremarebys far – blei fødd. Han var lærar, forfattar og kulturarbeidar, men det var særleg som skapar av barneprogram han sette spor i norsk kulturliv.

– Han var ein tydeleg nynorsking frå Nordvestlandet i «Barnetimen for dei minste» i radio og var ein viktig bidragsytar til å syne fram det norske språk- og dialektmangfaldet på tv, seier Olav Øyehaug Opsvik, direktør for Nynorsk kultursentrum.

Ingebrigt Davik (1925–1991) blei fødd på Fjørtoft i Haram kommune, som i dag har oppkalla kulturhuset sitt i Brattvåg etter han. Oppveksten ved havet inspirerte han til det som skulle bli det mest kjende verket hans – barnebokklassikaren *Det hende i Taremareby*.

Som tenåring flykta han og familien til Færøyane og sidan til Island under andre verdskrigen. Etter krigen tok Davik lærar- og musikkutdanning og arbeidde i fleire år som lærar i grunnskulen i Oslo, før han i 1959 oppsøkte barneavdelinga i NRK med manuset til *Det hende i Taremareby*. I forteljinga gav han fisk og sjødyr menneskelege eigenskapar og skapte eit undervassamfunn som fanga interesse hos barn. Serien blei send i «Barnetimen for dei minste» i radio og blei sidan også teiknefilmserie på tv.

STOR I SI EIGA SAMTID

I 1979 vart *Det hende i Taremareby* hovudboka i Bokklubbens Barn. Dette var første gong ei nynorskbok var hovudbok, fortel Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

– Etter denne utgjevinga byrja bokklubben ei ordning med parallellutgåver av barnebøker på bokmål og nynorsk. At Ingebrigt Davik fekk lov til å ha hovudboka, seier noko om kor stor han var i si eiga samtid, meiner Lofnes Hauge.

– For fleire generasjonar barn hadde han vore ei velkjend radiorøyst, og då han fekk sin eigen teikneserie året før, blei historiene om Taremareby felleseige for barn i Noreg.

Det kom sidan fleire oppfølgjarar, som «Gunda Sjømus» og «Rokke-Gina». Davik skapte også andre populære barnetimeseriar som «Muffe», «Lissomskogen» og «Kekkek og Kjia på Kjaholmen».

Ingebrigt Davik var dessutan norsk forteljarstemme i den britiske animasjonsserien «Romlingane» (The Clangers) som blei send på NRKs Barne-TV i 1972 og 1986.

Han var òg visediktar og -songar. Viser

Ingebrigt Davik var ein folkekjær programleiar, visesongar og forfattar.
Foto: Leif Ørnelund / Oslo Museum / NPK.

som «Hit eit steg, og dit eit steg» og «Historien om de tre små fisk» er blitt ein del av norsk kulturarv.

SKRIFTKULTUR MED BÅDE DAVIK OG FOSSE

Davik gav ut ei rekkje barnebøker, både med historiene frå radio- og fjernsynsseriane og visesamlingar med eigne og andre sine viser. Han omsette dessutan fleire radiodramatiseringar av barnebøker til nynorsk. Fleire av bøkene hans er omsette til andre nordiske språk.

I 1981 blei Ingebrigt Davik tildelt Ingvald Skjelderups kulturpris for innsatsen sin for nynorsk mål.

– Det er viktig for skriftkulturen at han rommar kunstnarar og personlegdomar som både Jon Fosse og Ingebrigt Davik, seier Olav Øyehaug Opsvik i Nynorsk kultursentrum.

PEDER SKJELTEN / NPK

Heile klasse 5b ved Øyra skule fekk høve til å delta på podkastprosjektet. Foto: Nynorsksenteret.

Prestisjefylte prisar til samiske filmskaparar

På den internasjonale urfolksfilmfestivalen imagineNATIVE stakk to kortfilmar av med kvar sin pris.

Festivalen blir kvart år halden i Toronto i Canada og fokuserer på film, video og radio- og medieinnhald frå urfolk i heile verda. Filmen «In My Hand» vart kåra til beste dokumentariske kortfilm. Filmen handlar om Alta-aksjonane i byrjinga av 1980-åra og om ein av dei leiande aktivistane Niilas Somby.

– Det er først og fremst ein filosofisk film om Niilas som stiller spørsmål om kva ein er villig til å ofre for folket sitt, uttalar filmskapar Liselotte Wajstedt til NRK.

I eit forsøk på å skape merksemd om saka prøvde Somby å sprengje ei bru, men han sprengde i staden armen sin og det eine auget.

Etter aksjonen flykta Somby til Canada, og det gjer denne prisutdelinga særleg spesiell, fortel Wajstedt:

– Det å få prisen akkurat her i Canada kjennest ekstra viktig og stort, seier ho til NRK.

Wajstedt vann prisen saman med Marja Helander. I tillegg til heider og ære består prisen av ein pengesum på 2500 dollar, ifølgje Internašunála Sámi Filbmainstituhtta (det internasjonale samiske filminstituttet).

NY RØYST I HISTORIEFORTELJING

Filmen «Áhkuin» gjekk til topps i kategorien for nye røyster i historieforteljing. Denne prisen er på 5000 dollar og går til filmskaparane Tuomas Kumpulainen og Sunná Nousuniemi.

«Áhkuin» vart vist på Tromsø internasjo-

Populært podkastprosjekt

Nynorsksenteret gjentek suksessen frå i fjor og hjelper skuleelevar med å laga podkast om bøker.

I eit forsøk på å auka lesegleda blant norske skuleelevar har Nynorsksenteret endå ein gong hjelpt elevar ved Øyra skule med å laga podkast der dei tilrår bøker til jamaldrande.

Prosjektet går ut på at lærarane les bøker høgt for elevane, før elevane får høve til å seia kva dei tenkte om boka framfor ein mikrofon. Opptaka vert så redigerte til ein liten podkastepisode.

Det er andre år på rad at elevar ved Øyra gjer dette prosjektet. I fjor var åtte elevar frå 4b med, medan det i år er heile 5b som får delta. Lærarane ved skulen seier dei har positive opplevingar med prosjektet.

– Det har vore ei lærerik og kjekk oppleving for både elevar og lærarar. Vi har lese fem ulike bøker høgt i klasserommet, og elevane har fått møta ulike forteljingar, språklege uttrykk og tema som har engasjert dei på ulike måtar, seier lærar **Astrid Velsvik Henriksen**.

Høgskulelektor **Heidi Fagna** ved Nynorsksenteret meiner det er bra for elevane å måtta seia si meining om bøkene dei les.

– Nokre les mykje, og nokre les lite eller ingenting. I dette prosjektet ber vi elevane meina noko om bøkene. Dermed får elevane eit meir aktivt møte med bøkene, seier ho.

Nynorsksenteret har bede elevane uttala seg om kva dei meiner om prosjektet. Responsen har vore særs positiv.

– Eg tykkjer at å få vera med på å laga podkast har vore ei ære. For eg tykkjer det er fint å få dela leseglede og den nye verda ein kan oppleva av bøker, seier ei av jentene i 5b.

EMIL ASKVIK HOSØY / NPK

nale filmfestival i vinter og er skildra som ein visuell og musikalsk samtale mellom ei bestemor og etterkommarane hennar, der den unike samiske forteljartradisjonen joik er i sentrum.

– Eg trur ikkje eg har klart å prosessere det enno, seier filmskapar Nousuniemi til NRK.

Hen er ein samisk og finsk audiovisuell kunstnar og historieforteljar, og debutfilmen «Boso mu ruovttoluotta – Breathe Me Back to Life» frå 2021 har fått fleire prisar.

AKSEL TORSNES MEHLUM

Prisvinnarane Sunná Nousuniemi (f.v.), Marja Helander og Liselotte Wajstedt. Foto: Internašunála Sámi Filbmainstituhtta

INTERVJU

Radioen gjorde nynorsk tilgjengeleg

Før radioen kom i 1925, var nynorsk hovudsakleg eit skriftspråk med avgrensa rekkjevidd. Radioen vart avgjerande for å gjere nynorsk til eit levande talemål for heile landet, meiner språkmann og nynorskaktivist **Ottar Grepstad**.

No i vår er det hundre år sidan dei første, faste daglege radiosendingane kom i gang i Noreg.

– Radioen allmenngjorde nynorsk. For første gong kunne folk over heile landet høyre nynorsk tale regelmessig – i nyheiter, andakter og saksprogram. Dei fleste i Noreg var ikkje i kontakt med nynorsk før radioen kom, seier Ottar Grepstad til Nynorsk pressekontor.

Grepstad har vore direktør for Nynorsk kultursentrum, forlagsredaktør i Det Norske Samlaget og redaktør i Syn og Segn. Dei seinare åra har han skrive fleire bøker, mellom anna *Historia om Ivar Aasen*, *Brent ord – bokbål mot språk i Noreg* og *1900-talet: forteljingar frå eit hundreår.*

DIALEKTPARADOKS

Trass i dei faste, daglege sendingane i 1925 og etableringa av Norsk rikskringkasting (NRK) i 1933, tok det tid før radioapparatet vart allemannseige.

– I 1940 hadde halvparten av husstandane i Noreg radio. Det var først etter okkupasjonsåra at radioen verkeleg vart utbreidd og nynorske røyster fekk ei viktig rolle.

Før radioen kom, var nynorsk først og fremst eit skriftspråk med avgrensa rekkjevidd.

Samtidig som nynorsk vart meir tilgjengeleg for det norske folket gjennom radioen, kallar Grepstad det eit paradoks i norsk kringkastingshistorie at dialektbruken fekk meir innpass.

Alf Prøysen var ein tidleg dialektbrukar i NRK på 1950-talet. Saman med han var Thorbjørn Egner, Anne-Cath. Vestly og Marie Heggen i nokre år «dei fire store»

Radioen gjorde nynorsken tilgjengeleg for fleire, men paradoksalt nok har dialektbølgja i same medium svekt posisjonen til normert nynorsk, meiner Ottar Grepstad. Foto: Peder Skjelten / NPK.

i Barnetimen. Heggen frå Valldal i Møre og Romsdal var ein nynorskbrukar som tidleg snakka nynorsk til eit stort og ungt lyttande publikum.

Dialektbølgja slo raskare inn i radio enn i tv.

– Denne endringa skaut fart på 1980-talet og heldt fram etter tusenårsskiftet. Dette har ført til mindre bruk av normert nynorsk, men også mykje mindre normert bokmål, meiner Grepstad.

SAKNAR NORMERT TALE

I første halvdel av 1900-talet var mållova og salmar på nynorsk to av dei viktigaste gjennomslaga for målrørsla, meiner Grepstad. Radioen var sentral for det tredje.

– Dialektbølgja var det einaste openberre gjennomslaget for målrørsla i andre halvdel av 1900-talet.

Den store dialektbruken på radio i NRK har fått konsekvensar for normert nynorsk.

– Ein har ei gjengs oppfatning om at nynorsk berre er eit skriftspråk. Etter mi meining er det ei grunnleggjande mistyding. Dialektane har eit godt stykke på veg fått same status og posisjon som normert tale hadde for hundre år sidan.

Ottar Grepstad saknar normert nynorsk tale i dagens NRK og er kritisk til korleis dialektbruken blir påverka av bokmål.

– Du høyrer ikkje mykje nynorsk standardtale i dag. Det synest eg er synd. Det høyrer med til eit språk, at det òg finst som standardtale. Det som var innarbeidd nynorsk språkføring og setningsbygnad for få tiår sidan, blir jamt meir erstatta av seiemåtar på dialekt der det er mykje påverknad frå bokmål. Det viser igjen i skrifta òg, seier Grepstad.

I år er det 100 år sidan dei første faste, daglege radiosendingane i Noreg. Foto: Andrea Øien Sæverud / NPK.

VARSAM SPÅMANN

På spørsmål om kva han ser for seg vil skje med radio dei neste hundre åra, er han varsam med å spå.

– Det er eit spørsmål som «kva trur du om nynorsk om femti år?» Svaret mitt har alltid vore at framtida handlar om kva folk vil at ho skal vere. For tretti år sidan visste ingen at folk skulle knote med nokre små tastar på små apparat og skrive milliardar av tekstmeldingar kvar dag.

Likevel trur han at radioen vil overleve, trass alle format og plattformer han konkurrerer med.

– Radio er det enklaste tekniske mediet for massespreiing og forsvinn ikkje. Men det endrar seg. Det er eit av dei billegaste media å produsere og bruke, noko som gjer det tilgjengeleg og relevant også i framtida. Dermed treng ein heller ikkje jamleg å oppdatere programvare for å få det til å fungere, seier Ottar Grepstad.

PEDER SKJELTEN / NPK

Nær 24 millionar kroner i tilskot til lokale kringkastarar

Medietilsynet har fordelt 23,9 millionar kroner i tilskot til lokale lyd- og biletmedium. Omtrent halvparten er øyremerkt til digitalisering av lokalradio.

Avdelingsdirektør **Hanne Sekkelsten** i Medietilsynet understrekar viktigheita av denne støtta.

– Lokalradio har svak økonomi, og overgangen til digitale sendingar er krevjande for aktørar med små ressursar. Støtta er derfor eit viktig bidrag til at lokalradioane skal lykkast med den digitale overgangen, seier ho.

Av dei 58 programproduksjonane som får støtte, er 37 radioprosjekt, 20 tv-program og éi audiovisuell bestillingsteneste.

Medietilsynet har også gitt særskild driftsstøtte til lokalradioar for etniske og språklege minoritetsgrupper, med maksimalt tilskot på 200 000 kroner per radio. Tre slike radioar har fått maksimalt tilskot.

Det kom totalt inn 427 søknader om støtte på til saman 54 millionar kroner i år.

LINUS RØVIK HAUGE / NPK

Hanne Sekkelsten, avdelingsdirektør i Medietilsynet (foto: Medietilsynet).

Illustrasjonsfoto: Kongsberg og Sandsvær Historielag

Tre program som har fått støtte:

Ein dokumentarfilm om pionerar i midtnorsk havbruk frå Trønder-TV utforskar byrjinga og utviklinga av havbruksnæringa i Midt-Noreg, med fokus på dei tidlege entreprenørane som la grunnlaget for ei av Noregs største eksportnæringar.

Programserien «Motor i Midt-Troms» frå Folkebladet viser fram motorhobby og ulike lokale miljø, alt frå snøskuter, gatebilar og dragracing til veteranbilar – og frå ungdom til langt opp i pensjonistalder.

Prosjektet «Etter Rio de Janeiro» frå Radio L Lillesand handlar om troppetransportskipet «Rio de Janeiro» som vart torpedert av ein polsk ubåt utanfor Lillesand 8. april 1940. (Kjelde: Medietilsynet)



Foto: Aksel Torsnes Mehlum

Nytt styreår – attvald styreleiar

Kringkastingsringen heldt sitt ordinære årsmøte i april, og i tillegg til vanlege årsmøtesaker fekk møtelyden med seg ei interessant innleiing frå NRK-journalist Håvard Grønli med tittelen «Val på nynorsk».

På årsmøtet vart **Jógvan Helge Gardar** (biletet) attvald som styreleiar i Kringkastingsringen. Han tek no fatt på sin tredje periode. Heile styret ser slik ut:

Leiar: Jógvan Helge Gardar (28)

Styrefolk: Beate Marie Dahl Eide (44), Hannah Kolås (33), Elise Kvien (28) og Erlend Blaalid Oldeide (41)

Varafolk: Hans-Olav Rise (33), Susanne Myklebust Egset (36), Arne Henning Årskaug (39), Kristin Mork (45)

VERV OG VINN!

Kringkastingsringen fyller 70 år i år, og vi har hatt vekst i medlemstalet dei to siste åra. Vi vil gjerne bli endå fleire, og då treng vi di hjelp!

I tillegg til dei flotte koppane våre har vi splitter nye handlenett og kapsar, og både vervarar og nye medlemmer kan velje seg ei slik gåve.

Det er lett å melde seg inn! På kringkastingsringen.no/medlem ligg det eit kort skjema.

REPRISE

Bergteken i Risehola

(1971)

Drama under raset

I 1971 GJEKK eit legendarisk høyrespel i Barnetimen: «Bergteken i Risehola» var basert på ei bok forfattaren Bjørn Rongen (1906–1983) skreiv i 1953. Boka vart ein klassikar både i Noreg og internasjonalt.

HISTORIA HANDLAR om den ni år gamle gjetarguten Ola som etter eit storskred blir sperra inne i Risehola i lag med geitene sine. I fleire dagar gjer Ola det beste ut av stoda medan han prøver å få kontakt med verda utanfor. Familien og bygda elles leitar febrilsk, og hunden Vipp tek ekstra ansvar i nauda.

HER ER DET DRAMATIKK for både liten og stor, og ein sit som fjetra i dei 50 minutta høyrespelet varar. Og røpealarm: Det går nok bra til slutt, skal du sjå! Når Ola til slutt sender geitene opp til bergingsmannskapet før han sjølv blir redda, blir det fort til at lyttaren feller ei tåre eller to.

EIN BONUS ER FORTELJAREN i høyrespelet: Astrid Sommer (1906–1990) er ein kjær skodespelar for generasjonar av publikummarar, både frå Det Norske Teatret, Radioteatret og Fjernsynsteatret. Du finn høyrespelet i NRK Radio-appen.

AKSEL TORSNES MEHLUM

KVISS

1. NRK-serien «Vikingane» (biletet) vart laga i fleire sesongar frå 2016. Kva var den engelske tittelen på denne humorserien?
2. I vår har det komme ein ny sesong av ein samisk skjetsjeserie som utfordrar fordommar og glansbilete i Sápmi. Kva heiter serien?
3. Audhild Gregoriusdotter Rotevatn var lenge eit kjent radio- og tv-namn. Kva stilling har ho no?
4. Kva heiter lokalavisa for Kvam og Jondal i Hardanger?
5. I kva avis var Harald Stanghelle sjefredaktør i perioden 1995–2000?
6. Om lag kor mange artiklar er det i det store verket *Norsk Ordbok*?

Løysing kryssord 1/25

Kryssordet i nr. 1 var krevjande for nokre, men mange greidde likevel å komme fram til denne løysingssetninga:

HAUGEN OG JURYEN AVGJER NO KORLEIS DET NYE NRK-BYGGET BLIR

Dei tre som har fått ein fin premie i posten, er:

Bjørn Arild Aksnes, Verdal
Jon Ramstad, Sogndal
Jon Samuel Håbrekke, Averøy

Kringom gratulerer!



Fasit: 1: Norsemen / 2: Hurri / 3: Direktør i Viti (regjeringsmuseet for Sunnmøre) / 4: Hordaland Folkeblad / 5: Dagbladet / 6: 300 000

KRYSS -ORD

EINAR SØREIDE

I dette kryssordet heidrar vi ein fersk vinnar. Send anten heile kryssordet til Kringkastingsringen, pb. 2987 Tøyen, 0608 Oslo, eller løysingssetninga til post@kringkastingsringen.no, og bli med i trekkinga av fine premiar. Hugs å sende med namn, postadresse og mobilnummer. Frist: 1. august. Lykke til!



Namn, adresse, postnummer og mobilnummer:

RETUR:
Kringkastingsringen
Pb. 2987 Tøyen
0608 OSLO

NOREG P. P.
posten

KRING-
KAST|NGS-
RINGEN